



Hjemmet, Noregs største vekeblad, har nyleg hatt reportasje frå Vågen på Skorpo.

Vekebladet Hjemmet med over 460 000 lesarar hadde nyleg reportasje frå Vågen på Skorpo. På fleire sider fekk heile Noreg eit møte med familien Anja Strüter og Ole Kristoffer Vågen. En fantastisk reise er tittelen i Hjemmet. På våren kjem båtmagasinet Båtens Glede med oppslag om Uskedal Båtlag og båthamna. Innlegg i landsdekkande media som NRK og magasin har stor marknadsføringsverdi for Kvinnherad og Uskedalen.

Hjemmet er Noregs største vekeblad med nøyaktig 466 000 lesarar. Det er det mest lesne vekebladet i landet. Undersøkingar syner at Hjemmet er best på mat, sunnhet, reise og kryssord. Det er også mykje stoff på hobby, handverk og litteratur. Reportasjen frå Skorpo høyrer til ein serie artiklar om utkantfolke. Tekst og foto er av Gunn Gravdal Elton. Det er også laga ein kort video frå Hjemmet sin tur til Skorpo.

Reportasjen En fantastisk reise er om Anja (42) og hennar møte med Skorpo og Ole Kristoffer for 16 år sidan. Artikkelen er om dei som vel å bu på ein utradisjonell plass. Vi møter familien i Vågen i førebuingane til jul. Gutane Nikolai og Nils Rainer og deira interesse for musikk er vektlegg. Elles er det fyldig informasjon om naturen og kulturlivet på plassen, om busetnad på øya og om at det ein gong var skule på Skorpo med heile 12 elevar.



Artikkelen hører til ein serie Hjemmet kallar Utkantfolk. Musikkinteressa til gutane Nikolai og Nils Rainer er vektlagt.

Vetle Børresen i NB Media er redaktør i båtmagasinet Båtenes Verden. I haust var han i regi av Kongelige Norske Båtforening i Uskedalen og laga reportasje om Båtlaget og båthamna. Manus er ferdigskrive og det vert lagt på bilete frå båthamna og frå FestiDalen sin festival på sommaren.

Hans Gustav Mussland og Jan Henrik Hansen representerer Uskedal Båtlag med fyldig informasjon om båthamna sine tilbod og den funksjonen båtlaget har i bygda. Innlegget vil også sei noko om kva bygda står for, om natur- og kulturhistoriske verdiar og ikkje minst om nærbutikken SPAR. Båthamna har 113 båtplassar og kan i snitt syna til 500 gjestedøger kvart år.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Faksimile frå Hjemmet og Båtens Glede.



Båtenes Glede med eit høgt lesartal er eit av fleire båtmagasin i landet.